



Formannskapet gav skjenkeløyve to to bedrifter i Uskedalen torsdag. (Foto: Ola Matti mathisen)

Kvinnherad formannskap vedtok torsdag samrøystes og utan debatt å gje mellom andre Dønhaug Gjestegard og Vertshuset i Uskedalen skjenkeløyve for perioden 2008/2012 og utløyste dermed både frustrasjon og glede.

Magne Huglen på Dønhaug er frustrert over at eit brev som han før møtet presenterte for politikarane som ein kommentar til rådmannens innstilling ikkje vart kommentert og han er no uviss på korleis han skal reagere på løyvet han har fått.

Eigar av Vertshuset Røssland er derimot glad for at søknaden hans gjekk igjennom og opplyser til uskedalen.no at Vertshuset heilt sikkert vil vera ope frå neste helg. Men han ser ikkje bort frå opning allereie onsdag eller torsdag til veka hvis alle brikkar fell på plass.

I brevet til formannskapet stiller Huglen seg undrande til rådmannens innstilling og ser på den som ein klar forskjellsbehandling i høve til andre skjenkesøknader. Han viser til at Dønhauglåven har kapasitet til 495 gjester inne samstundes ved konsert- og dansearrangement og 250 gjester ved matserving. Rådmannen hadde innstilt på 300 sitjeplassar når skjenkeløyvet vert nytta, og Huglen meiner at det normale ville vera at ein fekk skjenkeløyve for maksimalt antall gjester som lokalet er berekna for.

Dønhaug-verten peikar mellom anna på at rådmannen til dels opererer med sitjeplassar, plassar eller ikkje med antall gjester i det heile og han spør kva som er grunnen til denne forskjellen mellom skjenkestadane.

Huglen kommenterer også det faktum at branntilsynet ikkje kunne anbefala søknaden hans før utførte pålegg ligg føre, men dette er feilinformasjon ettersom det ikkje har vore pålegg om utbetringar.

Kommunens folk har vist til som eit absolutt krav at dører skal slå ut, men i Baroniet slår samtlege dører ut mot borggården og i Avlsgården inn.

Dønhaug-verten skriv i brevet til politikarane at det er uinteressant å ha ei maksimumsgrense på 300 personar på låven fordi mange av arrangementa då ikkje vil gå i balanse. Dei siste åra har han nytta overskot frå låvearrangementa til å finansiera eit breitt musikk- og kulturtilbod i Dønhaugkjedlaren og dekkja underskot på utekonsertane.

- Viss me ikkje kan halda fram med dette kan me heller ikkje gje gjestene våre det kulturtilboidet me har gitt dei dei siste åra. Det vil då heller ikkje vera aktuelt å ha eit permanent skjenkeløyve, skriv Huglen.



Grensen på 300 personar for Dønhauglåven gjeld framleis og verten er frustrert. (Foto: Ola Matti Mathisen)
Av Ola Matti Mathisen